




*sparebankstiftinga
sogn og fjordane*



ÅRSMELDING 2010

INNHALD

- 3** Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- 5** Sparebankstiftinga sine styrande organ
- 7** Styring og kontroll med stiftinga si verksemd
- 9** Årsmelding for 2010
- 13** Årsrekneskap 2010
- 14** Notar til rekneskapen 2010
- 15** Revisjonsmelding 2010
- 16** Om Sparebanken Sogn og Fjordane

Verdiskapning for mangfold,
trivsel og utvikling

www.sparebankstiftinga.no

GRAFISK UTFORMING:
Sparebanken Sogn og Fjordane /
E. Natvik Prenteverk AS

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane har fått ein ny, stor samfunnsaktør som heiter Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Formålet til stiftinga er å vere ein stabil og langsiktig eigar av Sparebanken Sogn og Fjordane og gje gåver til allmennyttige formål. Stiftinga har ein eigenkapital på nesten 1,8 milliardar kroner og er den tredje største forretningsstiftinga i landet.

Det var forstandarskapet, det høgaste organet i banken, med representantar frå både kundane, det offentlege og dei tilsette som den 12. mars 2010 vedtok å omdanne banken og etablere ei sparebankstifting. Dermed vart store delar av den oppsparte kapitalen i banken overført til den nyskipa sparebankstiftinga.

FØRST AV STORBANKANE

Sparebanken Sogn og Fjordane var den første, store distriktssparebanken i landet som etablerte ei stifting i tråd med det nye lovverket til finansnæringa. Hovudformålet med omdanninga var å opne for fusjon med andre bankar og sikre at den oppsparte eigenkapitalen i banken blir verande på lokale hender til evig tid.

NYE BANKEIGARAR

1. september 2010 vart Fjaler Sparebank, med kontor i Dale og Bergen, ein del av Sparebanken Sogn og Fjordane. Som oppgjer fekk den nyskipa Sparebankstiftinga Fjaler mellom anna eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane. Dermed vart dei to stiftingane formelle eigarar av den største banken i fylket. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane eig 94,12 prosent og Sparebankstiftinga Fjaler 5,88 prosent. På skipingstidspunktet forvalta banken innskot, lån og verdiar for om lag 28 milliardar kroner.

STOR SAMFUNNSAKTØR

Formålet til sparebankstiftingane er å vere langsiktige og stabile eigarar av sparebanken. Dei skal også ta over ein del av samfunnsrolla som sparebankane har i dag, mellom anna utdeling av gåver til allmennyttige formål. Det er gjennom gåveutdelingane folk flest i Sogn og Fjordane vert kjent med stiftingane.

Som eigarar av banken vil stiftingane få årlege utbytte på eigenkapitalbevisa sine, og kan støtte lags- og kulturlivet i fylket. Nivået på gåveutdelingane vil avhenge av resultatet i banken, og kva utbytte og gåvepolitikk det blir lagt opp til. Litt av den årlege avkastninga av oppsparte verdiar kan brukast til gode formål og eit rikare liv i Sogn og Fjordane.

Sparebankstiftinga sine styrande organ

ORGANISERING

Etter vedtektene skal stiftinga ha generalforsamling, styre og dagleg leiar.

GENERALFORSAMLING

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgaste organ og vel styret sine medlemmer. I tillegg fastset generalforsamlinga godtgjersle til styret, føretar val av revisor og fastset revisor si godtgjersle. I tillegg skal generalforsamlinga godkjenne stiftinga sitt årsoppgjer og føre tilsyn med stiftinga si verksemd.

Generalforsamlinga skal etter vedtektene ha 12 medlemmer og 4 varamedlemmer. Medlemene skal veljast av og mellom innskyttarar med bustad-adresse Sogn og Fjordane, som dei siste seks månader før kunngjeringa av valet har hatt innskot i Sparebanken Sogn og Fjordane. Medlemene blir valde for 4 år, medan varamedlemene blir valde for eitt år om gongen.

Vala til generalforsamlinga skal skje innan utgangen av april månad kvart år. Det første ordinære valet blir såleis gjennomført i samband med ordinær generalforsamling i 2011.

Den årlege, ordinære generalforsamlinga fastset dei økonomiske rammene for gåvetildeling etter framlegg frå styret.

I samband med skipinga 1. september 2010 vart følgjande personar valde som medlemmer og varamedlemmer til stiftinga si generalforsamling:

Medlemmer

Jon Gimmestad, Sandane (leiar)
Bente Nesse, Vadheim (nestleiar)
Tom Joensen, Davik
Myrtel Janne Thomassen, Stryn
Tore Dvergsdal, Førde
Anne Mette Hjelle, Førde
Arne Klausen, Holmedal
Jarl Tyssekvam, Sande
Gro Rukan, Eikefjord
Viggo Leikanger, Naustdal
Agnes Landstad, Leikanger
Tore Bråstad, Leirvik

Varamedlemmer

Eline Orheim, Fjærland
Stein Bjørnhovde, Nordfjordeid
Inger Birgitte Flatjord Kjøsnes, Skei
Leidulf Gløppestad, Sandane

STYRE

Etter vedtektene skal styret ha 3 - 8 medlemmer og 2 varamedlemmer. Styret si samansetting skal reflektere samansettinga av dei gruppene som har stemmerett på generalforsamlinga.

Styret skal sjå til at stiftinga sine midlar blir forvalta i samsvar med stiftinga sitt føremål og at verksemda er i samsvar med gjeldande lover, reglar og vedtekter. Styret skal også syte for utdelinga av gåver innanfor dei rammer som generalforsamlinga har bestemt.

I samband med skipinga 1. september 2010 vart følgjande medlemmer og varamedlemmer valde.

Medlemmer

Trude Brosvik, Eivindvik (leiar)
Kjartan Strand, Florø (nestleiar)
Tore Jakob Madsen, Florø
Kåre Furnes, Måløy
Aslaug Nesje Bjørlo, Sandane
Lise Mari Haugen, Askvoll
Bjørn Vollstad, Førde

Varamedlemmer

Rolf Aamot, Lavik
Ingvild Hjelmtveit, Førde

ADMINISTRASJON

Vegard Strand, Dale, er innleigd som dagleg leiar fram til 01.09.2011. Stillinga blir utlyst i løpet av første kvartal 2011 med tilsetting i styret i løpet av 2011.

Drivkraft for fylket

KLAR TIL Å MØTE FRAMTIDIGE UTFORDRINGAR

Rammevilkåra for banken er krevjande etter finanskrisa. Dette gir utslag i nye regulatoriske krav, auka kapitalbehov og auka fundingkostnadar.

Konkurransesituasjonen er skjerpa. Store aktørar er offensive og dei største regionale sparebankane ekspanderer geografisk.

SSF har ein vekst over kredittveksten på landsbasis, og banken har auka sin marknadsandel dei siste åra. Kostnadsutviklinga er positiv. Det er gjort ein rekke tiltak for å redusere tapa på banken sine næringslivsengasjement.

SSF er godt rusta til å møte framtida, sjølv om utfordringane er mange.

STRUKTUR OG STIFTING

SSF ynskjer å ta ei aktiv rolle i komande strukturendingar, og har lagt til rette for dette gjennom omdanning til eigenkapitalbevis og etablering av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Dette gjer det lettare å hente inn eigenkapital, og banken vil vurdere ei børsnotering av EK-bevisa i 2011.

FOKUS PÅ UTVIKLING

SSF er Noregs 9. største sparebank. Banken har ein sterk marknadsposisjon som den leiande banken innafør privat- og bedriftsmarknaden i Sogn og Fjordane. Banken har høg kundetilfredsheit og kan vise til ein sterk vekst dei siste åra. Fokuset på å utvikle ein moderne, nytenkande, offensiv og lønsam bank vidare er sterkt. Vinnarkultur og ein endringsvillig og handlekraftig organisasjon er eit nødvendig grunnlag for dette. Kombinert med kvalitetsarbeid og kostnads-effektiv drift, er dette grunnlaget for vidare lønnsam vekst og utvikling.

SENTRALE MÅLSETTINGAR

Stabil og tilfredsstillande lønnsemd over tid er den beste garantien for å utvikle banken vidare. Nivået på lønnsemd verkar inn på fundingkostnadar, konkurransekraft og evna til å utvikle kompetanse og investere i ny teknologi. Lønnsemd skapar stoltheit blant tilsette, og er eit nødvendig grunnlag for vidare offensiv vekst.

Styring og kontroll med stiftinga si verksemd

ARBEIDSOPPGÅVER

Viktige arbeidsoppgåver for styring og kontroll med verksemda i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er å

- Sjå til at lover, vedtekter, reglar og etiske retningslinjer blir etterlevd
- Fastsette, informere om og følgje opp vedtak og dokument som omfattar stiftinga sin visjon, verdiar, mål og strategiar
- Etablere rutinar som sikrar styrande organ tilfredsstillande innsikt og kontroll med verksemda. Dette omfattar stiftinga sine investeringar, gåvetildelingar og forvaltning av stiftinga sine verdiar
- Etablere ein informasjons- og kommunikasjonsstrategi som sikrar stiftinga sine interessegrupper og folk flest innsyn i korleis verdiar og gåveinstitutt blir forvalta.

STRATEGI, RISIKO OG RUTINAR FOR ETTERLEVING

Styret har utarbeidd ein forvaltningsstrategi som skal sikre at stiftinga sine verdiar blir forvalta på ein sikker og god måte. Det er også utarbeidd ein eigarstrategi som skal sikre at stiftinga kan oppfylle målet om eit tilfredsstillande utbytte og god verdiauke på eigenkapitalbevisa.

Ansvarsfordeling mellom styret og administrasjon og reglar for rapportering til styret er fastsett gjennom instruks for styret og dagleg leiar, prinsipp for styring og kontroll og rutine for risikostyring. I tillegg er det utarbeidd rutine for tenestekjøp, rutine for rekneskapsføring og rutine for gåvetildeling.

OPENHEIT

Informasjon til banken og stiftinga sine interessegrupper om styrande organ, prosess for gåvetildeling og framtidige investeringar er viktige element i god styring av verksemda. Stiftinga har difor oppretta ei nettside der informasjon om styrande organ, vedtekter, strategi, etiske retningslinjer, søknadsskjema for gåver, søknadsfristar og opplysningar om kva for søkjarar som blir prioritert/ikkje prioritert blir lagt ut.

Etter kvart som det blir aktuelt vil liste over tildelte gåver og investeringsportefølje også bli lagt ut.

FORVALTNING

I forvaltning av stiftinga sine verdiar skal det takast utgangspunkt i at stiftinga skal kunne delta i framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Sogn og Fjordane og sikre stabil drift med gåveutdeling. Stiftinga skal unngå investeringar der det kan vere risiko for uetiske handlingar, krenking av menneske- og arbeidstakarrettar, korrupsjon og miljø-ødeleggingar.

ETISKE RETNINGSLINJER

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er avhengig av full tillit frå alle interessegrupper; søkjarar av gåvemidlar, styresmakter, leverandørar og andre forretningssamband, tilsette og frå folk flest. Det må ikkje vere tvil om tillitsvalde og tilsette sin profesjonalitet og integritet.

Det er difor utarbeidd etiske reglar som inneheld generelle prinsipp for aktsemd ved utøving av arbeid eller verv for stiftinga. Reglane gjeld for medlemmer i styrande organ og alle tilsette.

Årsmelding 2010

BAKGRUNN

I juni 2009 vart det gjennom endringar i Finansieringsvirksomhetsloven opna opp for nye samanslutningar og strukturendringar for norske bankar. Mellom anna ved at grunnfond i sparebankar kan omdannast til eigarandelskapital. Denne kapitalen kan leggest opp i ei stifting som så blir eigar i den banken som blir ført vidare.

Den 12. mars 2010 vedtok forstandarskapet i Sparebanken Sogn og Fjordane og forstandarskapet i Fjaler Sparebank ei samanslåingsavtale der Sparebanken Sogn og Fjordane overtar bankverksemda i Fjaler Sparebank. Det vart samstundes vedteke å omdanne 87,5 % av Sparebanken Sogn og Fjordane sitt grunnfond til eigarandelskapital. Den 15. juni 2010 vart samanslåingsavtale og vedtekter godkjende av Finanstilsynet.

Den 1. september 2010 vart fusjonen mellom dei to bankane gjennomført, og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Fjaler vart etablerte.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane eig 94,12 % av eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane medan Sparebankstiftinga Fjaler eig 5,88 %.

FØREMÅL OG VERKSEMD

Etter vedtektene har Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane som føremål å

- stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane
- forvalte eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane som stiftinga vart tilført ved skipinga
- vidareføre sparebanktradisjonane ved mellom anna å gje deler av overskotet til allmennyttige formål

Ved si verksemd skal stiftinga støtte Sparebanken Sogn og Fjordane si verksemd. Kapitalen til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane kjem frå den kapitalen som er bygd opp gjennom bankverksemda i Sparebanken Sogn og Fjordane. Ved etableringa 1. september vart stiftinga tilført 17 835 000 eigenkapitalbevis noterte til ein verdi lik pålydande 100 kroner.

Dette betyr at stiftinga har eigenkapitalbevis til ein verdi av 1 783 500 000 kroner . Dette utgjør også stiftinga sin eigenkapital ved skipingstidspunktet.

FORVALTNINGSKAPITAL

Stiftinga sin forvaltningskapital er ved årsskiftet på 1 783 587 000 kroner. I tillegg til eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane har stiftinga eit bankinnskott på 87 000 kroner. Verdien av eigenkapitalbevisa er ved årsskiftet vurdert til pålydande verdi.

Stiftinga har oppretta ein kassekreditt på 2 millionar kroner for å dekke påkomne kostnader til etablering og drift. Ved årsskiftet er kassekreditten trekt opp med 1,1 million kroner.

RESULTAT

Stiftinga har vore i drift i 4 månader i 2010. Dei næraste åra vil hovudinntekta til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane truleg vere utbytte på eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane.

Sjølv om stiftinga kun har vore i drift i 4 månader, skal den ved eit eventuelt utbytte få for heile året, men det vil først kome til utbetaling i 2011. Stiftinga har såleis ikkje inntekter i 2010.

Driftskostnadene utgjør 1 394 000 kroner og er i hovudsak knytt til etablering- og oppstarts-kostnader.

I tillegg til driftskostnader kjem rentekostnader på kassekreditt med 9 000 kroner. Etter dette får stiftinga eit negativt årsresultat for 2010 på 1 402 000 kroner.

FINANSIELLE PLASSERINGAR

Rammevilkåra for stiftinga sin eigarstrategi er å vere ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Sogn og Fjordane. Det er ikkje vedtektsfesta nokon fast eigarandelsprosent, men styret i stiftinga har gjennom fastsetting av stiftinga sin finansstrategi sett som mål å ha ein eigardel på minimum 67 %.

I samband med mogeleg framtidig børssnotering av Sparebanken Sogn og Fjordane vil det vere aktuelt for styret å vurdere stiftinga sin eigardel på nytt. Mellom anna med utgangspunkt i at

likviditeten i eigenkapitalbeviset vil vere avhengig av ein viss omsetnad.

Gjennom stiftinga sin finansstrategi, har styret vedtatt at deler av overskotet skal settast av til ein reserve til å kjøpe eigenkapitalbevis i framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Sogn og Fjordane.

I samband med mogeleg børsnotering og emisjon av nye eigenkapitalbevis vil det vere aktuelt å kombinere dette med eit nedsal av stiftinga sin eigardel. Salssummen frå eit eventuelt nedsal skal settast av til stiftinga sin kapitalutvidingsreserve.

DISPONERING AV FRAMTIDIG OVERSKOT

Gjennom stiftinga sin finansstrategi 2011–2013 har styret bestemt at inntil 50 % og maksimum 15 millionar kroner av framtidig overskot vert avsett til gåveformål. Resten av overskotet skal settast av til kapitalutvidingsreserve og til reserve som skal sikre tre års drift og gåvetildeling. Når stiftinga om nokre år har opparbeidd nødvendige reservar, kan det overskytande plasserast i frie, finansielle investeringar.

VISJON OG VERDIAR

Styret har fastsett stiftinga sin visjon til å vere Verdiskaping for mangfald, trivsel og utvikling.

STIFTINGA SINE VERDIAR SKAL VERE

Langsiktig, uavhengig og skapande.

GÅVER TIL ALLMENNYTTIGE FØREMÅL

Styret har ingen gåvemidlar til disposisjon for gåveutdeling før mogeleg utbytte for 2010 er utbetalt i 2011. Styret forventar at mogeleg utbytte blir utbetalt i april 2011 og at gåveutdeling kan skje i løpet av første halvår 2011.

Styret i Sparebanken Sogn og Fjordane har i styremøte den 09. februar 2011 tilrådd utbetaling av utbytte på 26,3 millionar kroner, kor av om lag 24,7 millionar kroner tilfell Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sine eigenkapitalbevis. Endeleg vedtak om utbytte vert gjort av forstandarskapet i møte den 28. februar 2011. Generalforsamlinga i stiftinga vedtek kor stor del av utbyttet som skal delast ut som gåver.

Gjennom stiftinga sin gåvestrategi har styret bestemt at følgjande søkjarar skal prioriterast:

- Prosjekt og organisasjonar som arbeider for og med barn og ungdom.
- Prosjekt og organisasjonar drive av frivillige.
- Tiltak og investeringar med langvarig verdi og nytte for lokalsamfunnet skal prioriterast framfor kortvarige aktivitetar, arrangement og prosjekt.
- Lokalt forankra prosjekt skal prioriterast framfor større, fylkesdekkande prosjekt i situasjonar der vi har avgrensa midlar til fordeling.

- Prosjekt og organisasjonar som har klare visjonar og tankar bak sine tiltak. Det vert ikkje gjeve støtte til:
- Politiske parti eller føremål som kan utnyttast i politisk samanheng.
- Næringsverksemd eller prosjekt i regi av kommersielle selskap der det ikkje er tydeleg avklara korleis selskapet handterer eit eventuelt overskot av prosjektet, eller der det er uklårt om det ligg kommersielle interesser bak.
- Typiske offentlege oppgåver.
- Lukka medlemsorganisasjonar.
- Søknader om rein driftsstøtte (lønn, husleige og andre driftskostnader) vil normalt verte prioritert etter søknader om tiltak og investeringar med langvarig verdi og nytte for lokalsamfunnet.
- Søkarar som av ulike grunnar ønskjer å halde søknaden sin utanfor ålmenta, skal respekterast. Alle tildelte beløp er likevel offentlege.
- Avslag på gåvesøknader vil ikkje bli grunngjeve.

Søknadsskjema og søknadsfristar blir kunngjort på stiftinga sine heimesider.

FORHOLDET TIL SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er med sin dominerande eigarandel i Sparebanken Sogn og Fjordane banken sin viktigaste kjelde til eigenkapital. Samtidig er utbytte frå banken stiftinga si viktigaste inntektskjelde. Med dette som utgangspunkt vil styre og administrasjon arbeide for eit godt samarbeid som bidrar til verdiskaping både for bank og stifting.

Stiftinga vil aktivt søke posisjonar i banken sine styrande organ og har som eit framtidig mål å vere representert i styret i banken. Stiftinga er i dag representert i banken sitt forstandarskap og i banken sin valkomite for forstandarskapet.

I konkrete saker vil stiftinga, med utgangspunkt i egne vedtekter, støtte tiltak som gir eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane god og stabil verdiutvikling og høg direkteavkastning. Følgjande hovudprinsipp vil vere førande for oppfølging av stiftinga sitt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane:

- Banken skal drive si verksemd i tråd med norske sparebanktradisjonar og verdiar
- Banken skal ha hovudkontoret i Sogn og Fjordane
- Banken skal ha ein moderat risikoprofil og god balanse mellom bedrifts- og personmarknad
- Banken sine tenester skal vere distribuert på ein god og effektiv måte.

ADMINISTRASJON OG ADMINISTRATIVE TILHØVE

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane leiger kontor i Sparebanken Sogn og Fjordane sine lokale i Førde. Stiftinga har ingen fast tilsette, men har som førebels løysing leigd inn dagleg leiar for eitt år. Styret har bestemt at utlysing av stillinga som dagleg leiar skal skje i løpet av første halvår 2011. I tillegg kjøper stiftinga, på forretningsmessig grunnlag, tenester frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette omfattar i hovudsak rekneskapsføring, it-tenester, utarbeiding av marknadsprofil, søknadsprosess for gåver til allmenntilrette formål og andre prosjektretta oppgåver i oppstartsfasen.

Styret vil arbeide for at stiftinga skal ha eit godt arbeidsmiljø. I dette ligg å arbeide for eit likestillings- og likeverdsperspektiv og eit godt samarbeidsklima med tilsette i Sparebanken Sogn og Fjordane.

Verksemda i stiftinga forureinar ikkje det ytre miljøet.

Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Den framlagde rekneskapen gir ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.

FRAMTIDSUTSIKTER

Resultatet for 2010 er negativt som følgje av at stiftinga ikkje har hatt inntekter i 2010. Dette skjer først i løpet av 2011 ved utbetaling av utbytte frå Sparebanken Sogn og Fjordane.

Styret i Sparebanken Sogn og Fjordane har i styremøte den 09. februar 2011 tilrådd utbetaling av utbytte på 26,3 millionar kroner, kor av om lag 24,7 millionar kroner tilfell Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sine eigenkapitalbevis. Endeleg vedtak om utbytte vert gjort av forstandarskapet i møte den 28. februar 2011. Med utgangspunkt i nemnde styrevedtak, samt perioderekneskapane for Sparebanken Sogn og Fjordane i 2010 og banken sin styrking av eigenkapitalen ved utlegging av fondsobligasjonar, vurderer styret det som sannsynleg at utbytte for rekneskapsåret 2010 blir avsett, og kjem til utbetaling i 2011.

Førde 16. februar 2011
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Trude Brosvik
Styreleiar

Kjartan Strand
Nestleiar

Tore Jakob Madsen

Kåre Furnes

Aslaug Nesje Bjørlo

Lise Mari Haugen

Bjørn Vollstad

Vegard Strand
Dagleg leiar

Resultat

TAL I TUSEN	Note	2010
DRIFTSKOSTNADER		
Lønnskostnad	4	201
Anna driftskostnad		1 192
Sum driftskostnader		1 394
DRIFTSRESULTAT		- 1 394
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
Finansinntekter		0
Finanskostnader		- 9
Netto finansposter		- 9
ÅRSRESULTAT		-1 402
Opplysningar om avsetningar til:		
Overført til udekkta tap		1 402
Sum disponert		1 402


Balanse

TAL I TUSEN	Note	2010	01.09.10
EIGENDELAR			
Anleggsmidler			
Finansielle anleggsmidler			
Investering i egenkapitalbevis	2	1 783 500	1 783 500
Sum finansielle anleggsmidler		1 783 500	1 783 500
Sum anleggsmidler		1 783 500	1 783 500
Omløpsmidlar			
Bankinnskott, kontantar og liknande	5	87	0
Sum omløpsmidlar		87	0
SUM EIGENDELAR		1 783 587	1 783 500
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital		1 783 500	1 783 500
Sum innskoten eigenkapital		1 783 500	1 783 500
Opptent eigenkapital			
Udekkta tap		- 1 402	0
Sum opptent eigenkapital		- 1 402	0
Sum eigenkapital	3	1 782 098	1 783 500
GJELD			
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		1 107	0
Leverandørgjeld		130	0
Anna kortsiktig gjeld		253	0
Sum kortsiktig gjeld		1 490	0
Sum gjeld		1 490	0
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 783 587	1 783 500


Førde 16. februar 2011
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane



Trude Brosvik
Styreleiar




Kjartan Strand
Nestleiar




Tore Jakob Madsen




Kåre Furnes




Aslaug Nesje Bjørlo



Lise Mari Haugen



Bjørn Vollstad



Vegard Strand
Dagleg leiar

Notar

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart stifta 17. august 2010 og er lokalisert i Førde. Grunnkapitalen i stiftinga vart etablert 1. september 2010 i samband med at Sparebanken Sogn og Fjordane vart omdanna til eigenkapitalbevisbank. Årsrekneskapa er utarbeid i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk. Det er ikkje utarbeid samanlikningstal.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter anskaffelsestidspunktet. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Anleggsmidlar vurderast til anskaffelseskost, fråtrekt av- og nedskrivningar. Langsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Inntektsføring frå finansielle instrument

Inntekter frå finansielle instrument vert resultatførast når det vesentlege av risiko og avkastning er overført. For utbytte inneber det inntektsføring i utdelingsåret.

Skatt

Det er innvilga skattefridom for alle transaksjonar i samband med omdanninga av Sparebanken Sogn og Fjordane til eigarandelsbank og etablering av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Det er lagt til grunn at stiftinga kjem inn under Skatteloven sine reglar om skattefrie institusjonar.

NOTE 2 EIGENKAPITALBEVIS I SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE

	Eigarandel	Tal eigenkapitalbevis	Pålydande	Kostpris
Sparebanken Sogn og Fjordane	94,1 %	17 835 000	100	1 783 500 000

Iflg. vedtektene til Sparebanken Sogn og Fjordane er det fastsett at eigarandelskapitalen maksimalt kan ha 40% stemmerett i forstandarskapet. Det er derfor ikkje aktuelt å utarbeide konsernrekneskap.

Investeringa rekneskapsførast etter kostmetoden.

Nøkkeltal frå Sparebanken Sogn og Fjordane sitt årsrekneskap:

TAL I TUSEN	2010
Sum innrekna inntekter og kostnader for perioden	208 640
Eigenkapitalbevis	1 894 953
Utjamningsfond	97 526
Sum eigarandelskapital	1 992 479

NOTE 3 EIGENKAPITAL

TAL I TUSEN	Grunnkapital	Opptent eigenkapital	Sum
Eigenkapital 01.09.10	1 783 500		1 783 500
Årets resultat	0	- 1 402	- 1 402
Eigenkapital 31.12.10	1 783 500	- 1 402	1 782 098

NOTE 4 LØNNKOSTNADER, TAL TILSETTE, GODTGJERSLE OG GODTGJERSLE TIL REVISOR

Stiftinga har ingen tilsette. Dagleg leiar er leigd inn eksternt og godtgjort etter avtalt timepris.

For 2010 utgjer dette 193.787 kroner inkludert meirverdiavgift.

Øvrige tenester i form av rekneskapsføring og anna administrasjon vert kjøpt frå Sparebanken Sogn og Fjordane etter avtalt timepris. For 2010 utgjer dette 682.688 kroner inkludert meirverdiavgift.

Godtgjersle til styret:	Honorar	181 934
	Anna godtgjering	19 890

Revisor

Godtgjersle til revisor er fordelt som følgjer:	Lovpålagd revisjon	Attestasjonstenester	Anna bistand
	15 000	0	8 750

NOTE 5 BANKINNSKOT

Bundne skattetrekksmidlar utgjer:	87 121
-----------------------------------	--------

Til styret i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

MELDING FRÅ REVISOR

Deloitte.

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, som består av balanse per 31. desember 2010, resultatrekneskap som viser et underskudd for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Opgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisebilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til per og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve


Konklusjon om årsmeldinga og dekking av tap

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, samt framlegget i årsrekneskapen om dekking av tap, er i samsvar med lov og forskrifter og at opplysningane konsistente med årsrekneskapen.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Florø, 16. februar 2011
Deloitte AS


Rune Norstrand Olsen
statsautorisert revisor



*sparebankstiftinga
sogn og fjordane*

Fakta

- 1,8 mrd kroner av grunnfondet i Sparebanken Sogn og Fjordane blir overført til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.
- Stiftinga blir saman med Sparebankstiftinga Fjaler dei formelle eigarane av banken.
- Stiftinga skal styrast av ei generalforsamling og eit styre og tar over ein del av samfunnsansvaret til banken, mellom anna utdeling av gåver til allmennyttige formål.
- Omdanninga opnar for fleire fusjonar og fleire eigarar i Sparebanken Sogn og Fjordane. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane blir den tredje største sparebankstiftinga i landet.